



Grasdal skule, 25.03.2020

Til elevar, foreldre og føresette ved Grasdal skule

Heimeskule til 13.april 2020

I går bestemte regjeringa og statsminister at vi skal fortsetje med same tiltak mot korona-viruset fram til 13.april. Det betyr at skular og barnehagar skal vera stengt i tida fram til over påske. Tiltaket kan bli forlenga. Same vilkår gjeld for tilsyn av elevar på skulen som har vore gjennomført til no.

TAKK - FOR AT DE ALLE GJER SÅ GODT DE KAN!

Mitt inntrykk er at **elevane** er flinke og pliktopfyllande og gjer så godt dei kan med læringsarbeidet. Dei aller fleste er sjølvstendige og engasjerte.

De foreldre gjer ein super innsats med å oppretthalde opplæring for elevane heime, og **lærarane våre** gjer ein flott innsats med planlegging og tilrettelegging for arbeid.

Andre tilsette hjelper til med kontakt med enkeltelevar og har tilsyn på skulen. Takk for alle tilbakemeldingar me har fått til skulen både via lenke på sms, epostar og telefonsamtaler. Det hjelper oss til å tilpasse betre læringsarbeidet i den nye kvardagen vi har i landet vårt.

Mitt arbeid som rektor i denne perioden er på best mulig måte sikre at kvar enkelt elev blir fulgt opp, rettleie, koordinere og støtte våre tilsette, finne nye løysingar for samarbeid og stimulere til utvikling av arbeidsmetodar. Vi opplever ein bratt læringskurve i å ta i bruk nye og digitale program og kommunikasjonsformer.

Eg har eit ansvar for at vi ved Grasdal skule fylgjer **nasjonale retningslinjer for opplæringa** i denne nye situasjonen. Det kan de lese meir om på Utdanningsdirektoratet sine sider. I hovudsak skal vi oppretthalde kontinuitet og progresjon i opplæringa. Skulen har eit særleg ansvar for å fylge opp elevar med behov for spesialundervisning og dei som har stort omsorgsbehov.

Eg vil gjerne at både elevar og foreldre skal ha lav terskel for å ta kontakt direkte med meg dersom de treng hjelp, vil samtale om noko eller er misnøgde for noko som gjeld skuclearbeid.

Ta kontakt på epost eller telefon, og så er det mulig å avtale videokonferanse.

Læringsmateriell:

Låneavtale om elev-pc frå skulen: De kan låne pc på skulen. Ta kontakt med lærar eller meg. Vi har laga ein låneavtale som foreldre må signere, og eleven må logge seg på maskinen på skulen før de tar maskinen med heim.

Fleire heimar har meldt om vanskar med å arbeide digitalt m.a. fordi foreldre har heimekontor, fleire søsken skal arbeide på pc, eller andre grunnar. Det kan hjelpe å låne elevpc på skulen.

Nokre heimar har dårleg dekning og internetttilgong. De må i større grad arbeide med skulebøker og skrivebøker. Ta kontakt med lærar om de treng å hente utstyr på skulen.

Epost og tilgong i visma flyt

Det er viktig at vi på skulen har den rette epostadressa dykkar. Send epost eller ring til meg eller lærar dersom du ikkje har motteke epost frå skulen i Visma Flyt. No sender vi ut informasjon og arbeidsplanar både frå lærarar og rektor på epost.

Sms kan vi kun bruke i enkeltilfeller. I Alver kommune må vi betale for kvar sms som går ut.

Når de skal logge inn på Visma Flyt for å lese vurdering eller sjå kva for kontaktinfo som skulen har der, må de bruke lenke på heimesida, velje ID-porten og sjå at de har tilhørsle i Alver.

Digital lærings – og kommunikasjonsarena

Grasdal skule er heldig som framleis har eiga **heimeside** vi kan bruke. Der finn de oppslag, lenker og viktig informasjon. De finn epost-adresser til alle tilsette, og viktig info til foreldre på FAU si side.

Alver kommune og Grasdal skule brukar i hovudsak **Canvas** som læringsplattform. Der er mulighet for meldingar mellom elev og lærar, videokonferanse, innlevering av oppgåver og undervisningsopplegg. Det kan også vera mulig å samle klassen og elevgrupper til felles videomøte. Nokre av dykk har allereide gjort gode erfaringar med dette i det siste. Andre klassetrinn kjem til å prøve dette meir no etter kvart. Elevane logger seg på via heimesida med si feidepålogging. Treng de hjelp med feidepålogging – kontakt lærar.

Nokre klassegrupper brukar verktøy i **office 365**.

Så ein oppfordring til sist for den felles dugnaden vi alle er med på :

- Følg nasjonale retningslinjer for fysisk avstand mellom folk
- Ring, skype eller chat med andre foreldre og barn i klassen.
- Støtt og oppmuntre kvarandre!
- Ring foreldre som kanskje ikkje er på nett.
- Prøv å hjelpe.



- Har du det vanskeleg, eller trur andre barn og familiar har det vanskeleg, kontakt **alarmtelefonen 116117**

Litt, mye eller helt avstand?

Ved å holde avstand
bremser vi korona
(covid-19)

Til deg som
føler deg frisk, men er satt i

HJEMMEKARANTENE

etter reise eller som nærbesøk til en med
påvist covid-19

- Dere som bor sammen kan omgås normalt, men unngå besøk.
- Ikke gå på skole eller jobb.
- Ikke ta offentlig transport.
- Du kan gå tur med god avstand til andre.
- Du kan gjøre helt nødvendige ærender i matbutikk eller apotek.
- De du bor sammen med er ikke i karantene.
- Negativ test vil ikke forkorte karantene.
- Hvis du har en samfunnskritisk stilling kan du bli delvis fritatt.
- Hvis du som er nærbesøk får symptomer på luftveisinfeksjon, skal du over i hjemmeisolering.



Råd for befolkningen generelt

- Dere som bor sammen kan omgås normalt.
- Du kan ha besøk, men få av gangen.
- Du kan gå ut, men hold avstand til andre.
- Friske barn kan være sammen i små grupper.
- Husk god hånd- og hostehygiene!
- Unngå håndhilsing og klemming utenfor hjemmet.
- Unngå stigmatisering og uteslenging.

For deg som
tilhører en
risikogruppe er
disse rådene særlig
viktig!

Til deg som har

LUFTVEISINFEKSJON men ikke påvist covid-19

- Hold deg hjemme fra du merker symptomer på luftveisinfeksjon, til minst ett døgn etter at du er helt frisk, eller til du har fått negativt prøvesvar.
- Hold avstand til andre i hjemmet.
- De du bor med er ikke i karantene, men de skal følge med på egen helse. Hvis de får symptomer, skal de holde seg hjemme.

Til deg som har påvist
covid-19 og er satt i

HJEMMEISOLERING

- Du skal ikke gå ut av hjemmet før legen sier du er smittefri.
- Hold helt avstand til andre i hjemmet.
- Hvis mulig, bruk eget rom og bad.
- Vask overflater hyppig.
- Noen må hjelpe deg å handle.
- Avtal med legen din hvordan du skal følge med på helsestanden din.
- De du bor sammen med skal være i karantene.

FHI 2020-03-23

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta/rad-og-informasjon-til-befolkningen-om-nytt-koronavirus-coronavirus-2019-ncov/>

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/>

Eg gledar meg veldig til å sjå alle elevane igjen på skulen! Dette skal gå over.
Eg er veldig glad for at eg hadde ein runde rundt i alle klasserom torsdag 12.mars.

Gode ønske til alle i heimane om helse, håp og glede. Hald hovudet kaldt og hjartet varmt.

Venleg helsing Irene Hystad Hugaas, rektor

irene.hystad.hugaas@alver.kommune.no

mobil: 934 99 892